



SØNDAG FOR DE FORFULGTE

Tekst til «Søndag for de forfulgte», først publisert i Luthersk Kirketidene

Tekstar

Matt. 5, 1-16

Jer. 20, 11-13

Hebr. 13, 1-3

Liturgisk farge: Grønt

Fellesskap med fangar og dei mishandla

Det er vondt å merka at kristne som opplever forfølginga Jesus varsla i Bergpreika, kjenner seg gløymde av kyrkjer i vest. Det er tid for å minna om søsken kjærleiken, at vi skal lenkja oss saman med dei som sit i fengsel.

Eg har kjent på det å vera ein minoritet. Som barn fekk vi slengt etter oss ertande ord fordi vi gjekk på bedehuset og i kyrkja. Som nynorskbrukar har eg måtta tola svært ufine ord mot nynorsken.

For meg er både tru og språk viktig, kvar sitt vis er dette identitet. Mi oppleving av å utanforskap er likevel ikkje stor, men nyttig. I arbeidet mitt møter eg ofte menneske som blir håna og spotta – og valdeleg forfølgde. Dei kan på ei og same tid vera etniske, språklege og religiøse minoritetar, som ekstreme leiarar blant majoriteten ikkje toler. Vi finn mange pressa og forfølgde kristne. Men vi må også stå opp for andre religiøse minoritetar.

For meg er det viktig å vera ei stemme for sårbare minoritetar i Midtausten, elles i Asia og i andre verdsdelar. På Søndag for dei forfølgde mobiliserer mange kyrkjer både i Noreg og i andre land til bøn særleg for kristne som blir forfølgde fordi dei trur på Jesus.

Kristne kjenner seg gløymde

Det er vondt å merka at mange kristne – som i Syria, Irak eller India – kjenner seg gløymde også av kyrkjer i vest. Dei opplever at vi har så nok med vårt eige at vi gløymer dei som merkar på kroppen det Jesus snakkar om i dagens evangelietekst.

I Matteus 5 møter vi Jesus i ei fjellskråning. Han har samla disiplane. Vi har grunn til å tru at den folkemengda Jesus ser i vers 1, også høyrer det Jesus forkynner i denne store

talen om kva det inneber å følgja Han. Å skapa fred og rettferd og visa miskunn er det normale i eit kristenliv.

I innleiinga av Bergpreika kjem vi dessutan nær eit krevjande spørsmål. Skal verkeleg menneske som trur på ein god Gud som har sigra over døden og det vonde, oppleve motstand og liding og tapa kampen mot ei overmakt?

Ærleg Jesus om livet som ventar

Jesus er svært ærleg når han fortel venene sine korleis livet som etterfølgjar av Han ville bli. Dei fekk vita at dei ville møta motstand, ja hån, spott, løgn og forfølgjing. Det å følgja Jesus gjev altså verken triumf, makt, ære, rikdom eller uttak på sigerslaget i denne verda.

Eg er ikkje teolog som legg ut Bergpreika. Eg er ein formidlar som kan dela erfaringar frå den lidande kyrkja med menneske i norske kyrkjelydar.

Det går eit lite, men viktig skilje i sæleprisingane. Til og med vers 10 prisar Jesus sæle **«dei som»** sørgjer, **«dei som»** hungrar etter rettferda, **«dei som»** skaper fred, **«dei som»** kjempar for rettferd. Det er forresten verdt å minna om ingen blir prisa sæle på grunn av vanskane sine: Dei sørgjande blir prisa sæle fordi dei skal bli trøysta.

I vers 11 skifter så Jesus tiltaleform. Kanskje kan her snakka endå meir direkte til disiplane: *«Sæle er **de** når folk for mi skuld spottar og forfølgjer dykk, [lyg] og talar vondt om dykk på alle vis.»*

Fellesskap mellom aust og vest

Kyrkjeleiaren og hjelpearbeidaren Emanuel Youkhana i Nord-Irak fortel: «Dette er ein tekst der vi som er kyrkjer i Midtausten og de som kyrkjer i vest kan dela erfaringar. Vi i lever midt i vers 11 og 12 – vi vert forfølgde. De i vest les og høyrer om forfølgjing, men blir – takk Gud – ikkje forfølgde. Sæleprisingane før vers 11 kan vi som kristne i Midtausten og de som kristne i vesten leva i, i fellesskap.»

Ikkje alle kristne må lida under fysisk forfølgjing, poengterer Youkhana. «Eit spørsmål som har følgt oss gjennom heile kyrkjarahistoria, er dette: Vart martyrane våre martyrar fordi dei ville bli det, eller fordi dei ikkje hadde noko val? Martyrium for martyriets skuld er sjølv mord, ikkje martyrium. Men når eg vert stilt på val, om enten å forneakta trua på Jesus eller å bli drepen, då er det eit verkeleg martyrium. Alle martyrane vi kjenner, vart martyrar fordi dei ikkje ville forneakta trua på Jesus.»

Jesus var sjølv klar på at dei tolv som han sende ut (Matt 10), ikkje skulle oppsøkja forfølgjing. Jesu martyr-teologi er ikkje av denne verda, ikkje den heller. Dei tolv vart

sende ut som «sauer blant ulvar», men dei skulle ikkje oppsøkja ulvegapet. Dei skulle helsa folk med fred. Så skulle dei forkynna evangeliet så lenge og så klokt dei kunne («listige som ormar og uskulde som duer»). Dei skulle dra dersom ingen hørde på dei og rømme dersom dei vart forfølgde. Ein dag ville dei så veta arresterte. Den dagen skulle Jesus vera der. Han lovde dei hjelp til å svara for seg.

Den lange kristne historia

Evangeliet kom til Irak med apostlane som hørde Jesu ord i Bergpreika. Gjennom 2000 år har kristne i Irak opplevd periodar med forfølgning. I vår tid har vi sett brutale utslag. For 40 år sidan utgjorde kristne i Irak 10 prosent av eit folk på 23 millionar. For 20 år sidan var det meir enn 1,3 millionar kristne. Etter den amerikanske invasjonen i 2003, borgarkrigen og så bestialske IS, utgjør dei kristne berre ein halv prosent av eit folk på 44 millionar.

«Dette er ein sjokkerande realitet», seier Youkhana. Men han som har forplikta seg til å driva hjelpearbeid til både IS og IS-ideologien er borte, er tydeleg på kva han skal gjera: «I alle land her i Midtausten, også i Syria og Irak, er det sterke krefter som byggjer murar. Vi kristne byggjer bruer». Han legg til: «Vi kristne er få, men vi er ikkje makteslause. Vi er ei levande kyrkje. Vi må dela evangeliet, sjølv om vi betalar ein pris. Vi er kalla til å vera salt og lys i samfunnet. Eit lys kan ikkje gøyma seg. Vi er kanskje berre eit stearinlys, men også eit stearinlys kan konkurrera ut mørket.»

Kristne i Irak blir ikkje forfølgde i dag slik dei vart under IS og under borgarkrigen. Men dei er under press og diskriminering, og IS-ideologien er det aldri teke eit skikkeleg oppgjør med. I nabolandet Syria er også den kristne historia 2000 år lang – dei første Jesus-truande var der då ekstremisten Saulus kom for å arrestera dei. Ein kristen ven seier at han ikkje gjev opp tenesta han i dag har for evangeliet, sjølv når mange andre kristne reiser frå landet.

Razziaer og fengsel

I Iran risikerer kristne i undergrunnskyrkjer razziaer midt under bønemøte. Fleire leiarar donar fengselsdommar for å leia ei undergrunnskyrkja. I Pakistan sit firebarnsfaren Asif Pervaiz i fengsel på trettande året, uskuldig dødsdømt for blasfemi. I India opplever kristne eit klima av frykt. Ekstremistar som vil at India skal vera eit land for hinduar, pressar kristne blant urfolka til å velja hinduismen, eller bli jaga frå landsbyen og bli røva for alt dei eig. Medan vi kan samlast til gudsteneste i fred, risikerer dei at valdsmenn med kjeppar og stokkar stormar inn midt under nattverden.

I Kina sit katolske biskopar og protestantiske prestar og pastorar i fengsel under den sterkaste tilstramminga sidan forfølginga på 60- og 70-talet. Medan vi tek fridom for gitt,

rekner mange av Kinas kristne forfølgning som ein normal del av kristenlivet. Forventningane er svært ulike. Livsvilkåra også. Men Jesu ord gjeld oss alle.

Jesus sa ein annan stad (Matt 16,24) at den som vil følgja Han, må seia nei til seg sjølv og ta krossen sin opp. Vi har ulike krossar. Vi som har fått ein lett kross, kan hjelpa dei som har ein tung. Det er ei helsing eg får frå kristne vener i land der presset er sterkt.

Søskenkjærleik med fangar

Men ikkje sjeldan høyrer eg menneske her heime seia at dei blir så nedtyngde av historier om kristne som blir forfølgde at dei ikkje orkar å høyra fleire historier. Det er til å forstå. Men også for eigen del må eg minna om at Jesus ikkje snur ryggen til dei som blir håna, spotta og forfølgde for Hans namns skuld, ikkje i denne verda og slett ikkje i hans eige rike. Då kan ikkje vi prøva å fortregja inntrykka frå den lidande kyrkja. Og dessutan: Dei har ofte mykje dei kan læra oss om trua. Kinesiske kristne les Bibelen i filler. Min kristne ven i Aleppo i Syria deler evangeliet med muslimar rundt seg og med dei styrande islamistane. Han har gitt opp trua på at politikarar eller kyrkjer i vest verar han. Han set si lit berre til Gud, sterkt inspirert av Bergpreika.

I Hebrearbrevet kapittel 13 blir vi i dag minna på å halda søskenkjærleiken levande. «Kom i hug dei som sit i fengsel, som om de sat i lenkjer saman med dei. Og tenk på dei som blir mishandla, som om det gjaldt dykkar eigen kropp.»

Dette er to kraftfulle uttrykk for fellesskap. Saman med dei fengsla og dei mishandla veit vi dessutan at hån, løgn, spott, arrestasjonar og fengselsdommar ikkje er siste ord. Jesu ord i Matt 5, 12 står fast: «Stor er løna dykkar i himmelen.» Sanninga og rettferda skal sigra. Kristi kongerike ventar.

Framlegg til salmar

738 Noen må våke i verdens natt
80 Kristne kom i morgenlyset
536 Guds menighet er jordens største under
671 Da jeg trengte en neste
479 Fordi han kom og var som morgenrøden

Tekst:

Johannes Morken, redaktør og seniorrådgjevar i Stefanusalliansen

jm@stefanus.no